

# HOVUND 105/7

*DETALJ-  
REGULERINGSPLAN*

Høringsutkast



Innhald

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN</b>	<b>3</b>
1.1	LOKALISERING	3
<b>2</b>	<b>OVERORDNA PLANVERK</b>	<b>4</b>
2.1	KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR TOKKE KOMMUNE 2005-2017	4
2.2	REGULERINGSPLAN HOVUND	4
<b>3</b>	<b>PLANOMRÅDET I DAG</b>	<b>5</b>
3.1	LAUSMASSEGEOLOGI	5
3.2	NATURMANGFALD	5
<b>4</b>	<b>KONSEPT</b>	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>PROSESS</b>	<b>7</b>
5.1	INNSPEL TIL PLANARBEID	7
5.1.1	FYLKESMANNEN I TELEMAR	7
5.1.2	TELEMAR FYLKESKOMMUNE	7
5.1.3	TORA ØDEGAARDEN	7
5.1.4	EINAR SLETTETVEIT, TORE OTERHOLT, ÅSE OTERHOLT OG ODD ARNE REIERSEN	8
<b>6</b>	<b>VURDERINGAR</b>	<b>9</b>
6.1	KONSEKVEN SAR FOR BARN, UNGE OG RØRSLEHEMMA	9
6.2	RISIKO- OG SÅRBARHEIT (EKSISTERANDE SITUASJON)	10
6.2.1	SJEKKLISTE	10
6.2.2	BAKGRUNN	13
6.2.3	METODE	13
6.2.4	SANNSYN OG KONSEKVENS	13
6.2.5	RISIKOMATRIS E	14
6.2.6	UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVEN SAR OG TILTAK	14
6.2.7	OPPSUMMERING	14
<b>7</b>	<b>PLANOMTALE</b>	<b>15</b>
7.1	BYGNINGAR OG ANLEGG	15
7.2	SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	15

<b>7.3</b>	<b>LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT</b>	<b>15</b>
<b>7.4</b>	<b>BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG</b>	<b>15</b>
<b>8</b>	<b>FØRESEGNER</b>	<b>16</b>
<b>8.1</b>	<b>BYGNINGAR OG ANLEGG</b>	<b>16</b>
8.1.1	FRITIDSBUSETNAD – FRITTLIGGJANDE - BFF	16
8.1.2	VASSFORSYNINGSANLEGG – BVA	16
<b>8.2</b>	<b>SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b>	<b>16</b>
8.2.1	KØYREVEG – SKV	16
8.2.2	ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL – SAV	16
8.2.3	PARKERINGSPLASSAR – SP	16
<b>8.3</b>	<b>LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT</b>	<b>17</b>
8.3.1	SKOGBRUK – LNF-S	17
8.3.2	FRILUFTSFORMÅL – LNF-F	17
<b>8.4</b>	<b>BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG</b>	<b>17</b>
8.4.1	FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG – VF	17

## 1 Bakgrunn


Fleire hytteeigarar i området har gått saman om å regulere inn ein køyreveg til eksisterande tomter i lia nord for planområdet i gjeldande reguleringsplan for Hovund, gnr/bnr 105/7. Plankontoret Hallvard Homme AS vart kontakta for å gjennomføre ein planprosess i samsvar med PBL.

### 1.1 Lokalisering


Detaljreguleringsarbeid er sett i gong på delar av gnr/bnr 105/7 i Tokke kommune. Planområdet omfattar gjeldande reguleringsplan for Hovund, samt ein ny køyreveg nord for området.

*T.v.: Bilde av planområdet.*

*Under t.h.: Lokalisering av planområdet i Tokke.*




3



## 2 Overordna planverk

### 2.1 Kommuneplanens arealdel for Tokke kommune 2005-2017

Kommuneplanens arealdel for Tokke kommune vert vedteken 13.09.2005. den syner området som fritidsbusetnad og LNF utan føresegn. Store delar av vegtraseen vil bli lagt i LNF område utan føresegn.




4

*Over: Utdrag av kommuneplanens arealdel.*

### 2.2 Reguleringsplan Hovund

Gjeldande reguleringsplan for Hovund vert vedteken 08.02.2005. Ny reguleringsplan for Hovund 105/7 vil erstatte denne. Det vil ikkje bli gjort nokon forandringar i den gjeldande planen, forutan at planen vil bli teikna etter PBL 2008. gjeldande reguleringsplan er etter gamal PBL 1985. planen vil vere den same, men planområdet vil auke mot nord.



### 3 Planområdet i dag

#### 3.1 Lausmassegeologi

Området består av tynn morene. Bergarten består av diorittisk til granittisk gneis, som er ein typisk næringsfattig bergart.

#### 3.2 Naturmangfald

Naturmangfoldlovens §8 er vurdert ut frå informasjon henta frå Naturbase, Artskart og annan tilgjengeleg kunnskap. Naturbase syner området som leve- og yngleområde for villrein (*Rangifer tarandus*), men Heiplanen syner området som bygdeutvikling.

Ut i frå gjeldande registreringar i dei offentlege basane ser det ikkje ut til at det kan påvisast effektar av tiltaket på truga, nær truga eller verdifull natur, jfr. §9. Planlegger legger difor til grunn for at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter miljøprinsippa i Naturmangfoldlovens §§ 10 – 12.

Bortfall av INON-område er regna ut i Miljødirektoratets base for inngrepsfrie naturområder i Norge INON. Rapport ligg som vedlegg bakarst i plandokumentet. Konsekvensen for INON er svak negativ.

#### 4 Konsept

Fleire hytteeigarar i området har gått saman om bygging av bilveg til eksisterande tomter i lia ovanfor gjeldande reguleringsplan for Hovund. Vegen planleggjast lagt i eksisterande snøskutertrasé. Det går i dag ei traktorslepe opp til hyttene. Den nye vegen skal av omsyn til terrenget så langt det lar seg gjere følgje etablert slepe.

## 5 Prosess

### 5.1 Innspel til planarbeid

Varsel om oppstart av planarbeid blei sendt ut den 22. oktober 2014, med svarfrist 24. november 2014. I etterkant av varselmeldinga har det blitt registrert 4 innspel til planarbeid.

#### 5.1.1 Fylkesmannen i Telemark

Det vert ikkje naudsynt med registrering av biologisk mangfald.

Det stillast krav til ROS-analyse.

Det må takast omsyn til auka nedbørsintensitet ved dimensjonering og plassering av stikkrenner og utforming og oppbygging av vegkropp, skjeringar og fyllingar.

Omsynet til inngrepsfri natur må vurderast opp mot andre samfunnsinteresser. Bygging av ny veg vil få innverknad på området utan tyngre tekniske inngrep, innanfor kategoriar 1-3 og 3-5 km. Det er ynskjeleg at ein reknar på kor mykje areal som fell bort som fylgje av den nye vegen. Vurderingane bør kome fram i saksdokumenta.

#### Merknadar:

*ROS-analyse er vanleg krav med heimel i PBL.*

*Inngrepsfri sone 1 (mellom 5 og 3 km frå inngrep) vil få eit bortfall på -1,67 km<sup>2</sup>. Inngrepsfri sone 2 (mellom 3 og 1 km frå inngrep) og inngrepsnære naturområde vil auke med +0,93 km<sup>2</sup> og +0,75 km<sup>2</sup>. Villmarksprega område (5 km eller meir frå inngrep) vil ikkje bli berørt. Rapport frå Miljødirektoratets INON-base ligg som vedlegg bakarst i tekstdokumentet.*

#### 5.1.2 Telemark fylkeskommune

Det må utførast ein arkeologisk registrering i området.

#### Merknadar:

*Kan berre gjennomførast på barmark. Plan kan ikkje godkjennast før dette er gjennomført. Planleggjar tek kontakt med kommunen og undersøkjtar om kommunen vil leggje planen ut på høring føre registrering er gjennomført. Dette vil kunne spare tid.*

#### 5.1.3 Tora Ødegaarden

Innspelsgjevar er eigar av gnr/bnr 105/18 og meiner at den planlagde vegen vil berøre hennar og andre sin vasskjelde og brønn.

Problemet bedast teke med i planløyninga slik at ho og andre vil vere sikra vasskjelde. Ny brønn er greitt, men det må vere tilgang på vatn både sommar og vinter.

#### Merknadar:



*Privatrettsleg tilhøve utan direkte relevans til planarbeidet. Dersom innspelsgjevar har avtalefesta rett til kjelde, må evt. tørrlagd kjelde erstattast av tiltakshavar.*

#### 5.1.4 Einar Slettetveit, Tore Oterholt, Åse Oterholt og Odd Arne Reiersen

På øvre side av parkeringsplassen og nært inn til scootertraseen ligg ein brønn med tilhøyrande brønnhus som forsyner nesten alle hyttene innanfor planområdet med vatn sommar og vinter. Ei nedgrave vasslange forsyner i tillegg alle hyttene på nedsida av parkeringsplassen med springvatn til vegg. Den planlagde vegen vil med stor sikkerhet kome i konflikt med eksisterande brønn. Det bes derfor om at utbyggjar legg den nye vegen utanom brønnen slik at vatnet blir sikra til hyttene innanfor området. Dersom det ikkje lar seg gjera, bes det om at ny brønn og tilkopling blir opparbeidd på utbyggars rekning og at vasskvaliteten då blir like god som no.

#### Merknader:

*Privatrettsleg tilhøve utan direkte relevans til planarbeidet. Dersom innspelsgjevar har avtalefesta rett til kjelde, må evt. tørrlagd kjelde erstattast av tiltakshavar.*

## 6 Vurderingar

### 6.1 Konsekvensar for barn, unge og rørslehemma

Den planlagde vegåtkomsten gjer området meir tilgjengeleg for barn, unge og rørslehemma. Bruksmoglegheitene vil difor bli betre.

**Planforslaget vil ha ein svak positiv konsekvens for barn og unges oppvekstvilkår.**

## 6.2 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

### 6.2.1 Sjekkliste

For å avdekkje om det føreligg fare for uønska hendingar har vi nedanfor gjennomgått sjekkliste til bruk for risiko og sårbarheitsundersøking. Vurderinga av risikoforhold analyserer både forholda innanfor planområdet, påverknad frå kringliggjande areal, samt planforslagets verknadar på kringliggjande areal. Klimaendringar/klimatilpassing skal også vere belyst.

ROS-analyse tek berre for seg vegen då tomtene er regulert i den gjeldande planen.

Emne	Forhold eller uønska hending	Vurdering	
		Nei	Ja og merknad (tiltak listas i planomtala/ reg. føresegner.)
Naturgjevne forhold	Er området utsett for snø- eller steinskred?	X	I høve til NVE atlas
	Er det fare for utgliding (er området geoteknisk ustabil)?	X	Tynn morene i høve til NGU
	Er området utsett for springflo/floam i sjø/vatn?	X	Ca. 100 m frå Botnedalsvatn og opp til start på veg
	Er området utsett for floam i elv/bekk, her under lukka bekk?	X	Det er ca. 400 m frå Hovundåi til veg
	Er det radon i grunnen?	x	Ikkje undersøkt, Kfr. TEK 10
	Anna (angje)	x	
Infrastruktur	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggjande <i>transportårer</i> , utgjere ein risiko for området?		
	-hendingar på veg	X	Lite trafikkert veg
	-hendingar på jernbane	x	Ikkje jernbane
	-hendingar på sjø/vatn/elv	x	Ca. 100 m frå Botnedalsvatn og opp til start på veg
	-hendingar i lufta	x	Ikkje relevant
	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggjande <i>verksemdar</i> (industriforetak etc.), utgjere ein risiko for området?		

	-utslipp av giftige gasser/væsker	x	Langt frå verksemder med gass, kjemikaliar
	-utslipp av eksplosjonsfarlege/brennbare gasser/væsker	x	Langt frå verksemder med gass, bensin
	Medfører bortfall av tilgang på fylgjande tenester <i>spesielle</i> ulemper for området:		
	-elektrisitet	x	Berre fritidsbustader
	-teletenester	x	Berre fritidsbustader
	-vassforsyning	x	Berre fritidsbustader
	-renovasjon/spillvann	x	Berre fritidsbustader
	Dersom det går høgspenlinjer ved/gjennom området:		
	-påvirkas området av magnetisk felt frå el.linjer?	x	Ikkje relevant
	-er det spesiell klatrefare i forbindelse med master?	x	Ikkje relevant
	Er det <i>spesielle</i> farer forbundet med bruk av transportnett for gåande, syklande og køyrande innanfor området:		
	-til skule/barnehage?	x	Ikkje relevant
	-til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	x	Ikkje relevant
	-til forretning etc.?	x	Ikkje relevant
	-til busstopp?	x	Ikkje relevant
	Brannberedskap		
	-omfattar området spesielt farlege anlegg?	x	Berre fritidsbustader
	-har området tilstrekkeleg brannvassforsyning (mengde og trykk)?	x	Ikkje relevant
	-har området berre ein mulig åtkomstrute for brannbil?	x	Ikkje relevant
Tidlegare bruk	Er det mistanke om forureining i grunnen frå tidlegare verksemd?	x	
	-bensinstasjon/bilverksted/tankanlegg	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-mekanisk verksted/skipsverft	x	Lokalhistorisk kunnskap

	-galvaniseringsverksted	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-impregneringsverk	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-avfallshåndtering/deponi	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-gjentatte rivingsarbeider/rehabilitering av bygningar frå 1950 –1980	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-byjord: sentrale og eldre bydelar	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-gruver: opne sjakter, steintipper etc.	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringer etc.	x	Lokalhistorisk kunnskap
	-anna (angje)	x	
Omgjevnader	Er det regulerte vassmagasiner i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	x	NVE atlas
	Finnes det naturlege terrengformasjonar som utgjer <i>spesiell</i> fare (stup etc.)	x	NGI skredkart
	Anna (angje)	x	
Ulovleg verksemd	Sabotasje og terrorhandling		
	- er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x	Berre fritidsbustader
	- finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	Ingen energianlegg, ingen anlegg av symbolsk eller samfunnsnyttig betydning

### 6.2.2 Bakgrunn

I sambinding med reguleringsplan Hovund gnr/bnr 105/7 er det krav om utarbeiding av Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS- analyse) i medhald av plan- og bygningsloven §4.3. Hensikta med ROS-analyse er å avdekke om reguleringsplanen kan forårsake endringar som kan medføre ein uakseptabel risiko for menneske, miljø og materiell og økonomiske verdiar, og som det bør leggast spesielt vekt på å førebygge.

### 6.2.3 Metode

Grunnlag for analysen er planomtale for reguleringsplan, analyser og innkomne merknader under planprosessen. ROS- analysen er utført i medhald av DSBs veileder "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging- Kartlegging av risiko og sårbarhet" (revidert utg. jan 2010).

Analysen er basert på kjent kunnskap.

### 6.2.4 Sannsyn og konsekvens

Sannsyn vurderast slik:

Lite sannsynleg	Mindre enn en gang i løpet av 50 år
Mindre sannsynleg	Ein gong i løpet av 10 - 50 år
Sannsynleg	En gong i løpet av 1 - 10 år
Svært sannsynleg	Meir enn ein gong i løpet av 1 år

Konsekvensane vurderast slik:

Ufarleg	Ingen person- eller miljøskadar
Mindre alvorleg	Få/små personskadar, miljøskadar < 1 år
Alvorleg	Alvorlege personskadar, miljøskader > 1 år
Svært alvorleg	Ein eller fleire døde, langvarige miljøskadar

Sannsyn x Konsekvens = Risiko

### 6.2.5 Risikomatrise

Konsekvens: Sannsyn:	Ufarleg	Mindre alvorleg	Alvorleg	Svært alvorleg
Svært sannsynleg	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko
Sannsynleg	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko	uakseptabel risiko
Mindre sannsynleg	akseptabel risiko	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast	uakseptabel risiko
Lite sannsynleg	akseptabel risiko	akseptabel risiko	akseptabel risiko	risiko som bør vurderast

### 6.2.6 Uønska hendingar, konsekvensar og tiltak

-

### 6.2.7 Oppsummering

Det er ikkje identifisert hendingar med risiko.

## 7 Planomtale

### 7.1 Bygningar og anlegg

Eksisterande fritidsbustader regulerast til *bygningar og anlegg, Fritidsbusetnad – frittliggjande* og merkast **Bff** på plankartet.

Ny vasskjelde nord-aust for den eksisterande regulerast til *bygningar og anlegg, Vassforsyningsanlegg* og merkast **Bva** på plankartet.

### 7.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Alle køyreveggar regulerast til *samferdselanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg* og merkes **Skv1-3** på plankartet.

Areal til grøfter, fyllingar og skjeringar regulerast til *samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, annen veggrunn - grøntareal* og merkast **Sav** på plankartet.

Parkeringsplass sør for Frolandsvegen regulerast til *samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, Parkeringsplassar* og merkast **Sp** på plankartet.

### 7.3 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift

Grøntareal i aust reguleras til *Landbruks-, natur- og friluftsmål, Skogbruk* og merkast **LNF-s** på plankartet.

Resterande grøntareal rundt fritidsbustader regulerast til *Landbruks-, natur- og friluftsmål, friluftsmål* og merkast **LNF-f** på plankartet.

### 7.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Vassareal regulerast til *bruk og vern av sjø og vassdrag, friluftsområde i sjø og vassdrag* og merkast **Vf** på plankartet.



## 8 Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008, § 12-3, er det utarbeidd detaljreguleringsplan for Hovund 105/7 i Tokke kommune, Telemark.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Detaljreguleringsplan for Hovund 105/7, Plan ID 200501», Tokke kommune, Målestokk 1:1000, datert 12.01.2015. Innanfor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådelling og byggje og anleggsverksemd innan planområdet.

### 8.1 Bygningar og anlegg

#### 8.1.1 Fritidsbusetnad – frittliggjande - Bff

- a) Hyttene skal utformast og plasserast slik at dei best mogleg er tilpassa terrenget. I skrånande terreng skal møneretning fylgje terrenget. Grunnmurhøgde skal vere lågast mogleg, og ikkje overstige 80 cm over terreng.
- b) Maksimal storleik på hyttene skal vere 100 m<sup>2</sup> BRA, og med frittstående uthus/anneks på maks 20 m<sup>2</sup> i same utføring.
- c) Bygningane skal ha saltak, gesimshøgde/mønehøgde maks 3/5,5 meter, uthus 2,5/4,5 meter, målt frå topp grunnmur. Takvinkel 25 – 30 grader.
- d) Bygningane skal ha ein mest mogleg tradisjonell utforming og utsjånad, i tømmer eller med ståande tømmermannspanel, småruta vindaugo, rikeleg takutstikk og kraftige vindskier. Naturvenlege fargar, takteking skal ha matt og mørk verknad.
- e) Eventuell veranda skal vere ein integrert del av hytta.
- f) Det skal ikkje setjast opp gjerde rundt hyttene.
- g) Hyttene skal ikkje ha innlagt vatn. Synkekum for grått avlaupsvatn. Kommunens renovasjonsordning skal gjelde.

#### 8.1.2 Vassforsyningsanlegg – Bva

*Ingen føresegner.*

### 8.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

#### 8.2.1 Køyreveg – Skv

- a) *Vegen skal ikkje vinterbrøytast.*

#### 8.2.2 Annan veggrunn – grøntareal – Sav

*Ingen føresegner.*




#### 8.2.3 Parkeringsplassar – Sp

*Ingen føresegner.*






Registreringsdato: 17.02.2015

## Inngrepsfrie naturområder i Norge – rapport for beregning av bortfall av inngrepsfri natur ved simulering av nye inngrep

**Inngrepets plassering:**

**Situasjon før inngrepet:**

**Situasjon etter inngrepet:**

 Kartgrunnlag [Kartverket](#), [Geovekst](#) og kommuner  
 Kilde for inngrepsfri natur: [Miljødirektoratet.INON.01.13](#)

### Bortfallskalkulator

### Bortfall/økning i km<sup>2</sup>

Villmarkspregede naturområder (5 km eller mer fra inngrep)		<b>0.00</b> (Bortfall/tap)
Inngrepsfri sone 1 (mellom 5 og 3 km fra inngrep)		- 1.67
Inngrepsfri sone 2 (mellom 3 og 1 km fra inngrep)		+ 0.93
Inngrepsnære naturområder (under 1 km fra inngrep)		<b>+ 0.75</b> (Bortfall/tap av inngrepsfri natur)

NB: Beregning av bortfall gjelder kun det berørte INON-området. Bortfall på kommune- og fylkesnivå beregnes ikke.

Merk: Denne rapporten gir veiledende informasjon og ikke nødvendigvis helt nøyaktige tall for oppdraget. For at rapporten skal gi et best mulig bilde av hva som vil skje, er det viktig å tegne inn inngrepet mest mulig nøyaktig. Vi anbefaler at skjermdigitaliseringen skjer i en så stor målestokk som mulig, men uten at en mister oversikten over området.

 Lenke til rapporten: <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/1297-WKMDVF/pdf>

## Hva er inngrepsfri natur?

Inngrepsfrie naturområder er en indikator for utviklingen av store sammenhengende naturområder i Norge. Inngrepsfrie naturområder er definert som områder beliggende en kilometer eller mer (i luftlinje) fra tyngre tekniske inngrep.

Les mer på [http://www.miljodirektoratet.no/inon/hva\\_er\\_inon/](http://www.miljodirektoratet.no/inon/hva_er_inon/) og <http://www.miljostatus.no/Tema/Naturmangfold/inon/>

## Hvorfor «bortfallskalkulator»?

Miljødirektoratet har laget en «bortfallskalkulator» for å gjøre det enklere og raskere å få beregnet hva som skjer hvis nye inngrep etableres inntil eller inn i inngrepsfri natur. Tidligere måtte brukerne ha tilgjengelig GIS-verktøy for å gjøre den samme beregningen. Nå kan beregningene enkelt gjøres av både privatpersoner, kommuner og andre som trenger dette i saksbehandling og utredninger. Vi anbefaler at skjermdigitaliseringen skjer i en så stor målestokk som mulig, men uten at en mister oversikten over området.

## Hvorfor kan en få mer av en sone inngrepsfri natur når det skjer et inngrep?

Økning eller «tilfall» skjer når et inngrep etableres slik at for eksempel inngrepsfri sone 1 (3-5 km fra inngrep) mister kvalitet og går over til sone 2 (1-3 km fra inngrep). Da får man mindre av sone 1-områder, og ofte mer av sone 2-områder enn en hadde før inngrepet. Totalt sett får en altså mindre inngrepsfri natur.

## Hva skjer med rapporten, og hvordan lagres den?

Bortfallsrapporten som genereres får en unik url-adresse. Den kan hentes ut flere ganger om ønskelig. Rapporten lagres hos Miljødirektoratet, men inneholder ikke personopplysninger som kan kobles til brukeren.